

Regional planstrategi

Dimensjonering av utdanninger 19.04.16



Temagruppe dimensjonering

- Gjennomført to møter i arbeidsgruppen
- Mye diskusjon
- Rammebetingelser
- Datagrunnlag
- Forhold mellom nåtid og framtid

3) Temagruppe dimensjonering

- a) Kartleggje behov for og etterspurnad etter arbeidskraft
- b) Kartleggje vidaregåande opplæring
- c) Kartleggje fagskoleutdanning
- d) Kartleggje høgare utdanning

3a) Kartleggje behov for og etterspurnad etter arbeidskraft

- Måle/berekne balansen i tilbod og etterspørsel
- Blir ei «stamme» i utgreiingane
- For å måle balansen i tilbod og etterspørsel, treng vi separate framskrivingar av desse
- Mål om å ha førsteutkast klart til 30. mai.
- Rein «AUD»-oppgåve

O2: Etterspørsel

- I PANDA kan vi lage framskrivingar av regional økonomi, herunder sysselsetting etter næring, basert på forventta vekst i produksjon, produktivitet, etc.
- Vi får ikkje framskrive sysselsetting etter utdanningsnivå eller yrke.
- Lågaste detaljeringsnivå er kommune, og næring fordelt på 50 næringar.
- #døme frå <http://panda.sintef.no/panda>

O1: Tilbod

- Når vi har tal på framtidig sysselsett befolkning, har vi ramma for kva som vil vere av tilgjengeleg arbeidskraft.
- Om vi har datagrunnlag for det, kan desse fordelast etter kjønn, alder, utdanning, yrke, næring.
- Men: når vi skal måle balansen i tilbod og etterspørsel, bør det helst vere data om det same i begge prognosane.

Kopling av tilbod og etterspørsel

- Vi har no
 - a) berekna produksjonsbasert etterspørselsutvikling etter arbeidskraft i (inntil) 50 næringar
 - b) berekna historisk og demografisk basert (tilbods)utvikling av arbeidskraft i (inntil) 50 næringar
- Vi kan no forsøke å matche desse to framskrivingane.
- For dei næringane der det er match, kan vi seie at det både er økonomisk og historisk-demografisk konsistens i framskrivingane. *Tilbod og etterspørsel er venta å vere i balanse.*
- For dei næringane der det ikkje er match, vil det enten mangle demografisk grunnlag for venta aktivitet i næringane, eller mangle etterspørsel etter venta tilbydt arbeidskraft. *Tilbod og etterspørsel vil ikkje vere i balanse.*
 - NB: Den venta tilbydte arbeidskrafta treng ikkje befinne seg i Hordaland.

3b) Kartleggje vidaregåande opplæring

Arbeidet her delast i tre:

- Deskriptiv statistikk knytt til problemstillinga blir bestilt frå Opplæringsavdelinga sine deltakarar i ad-hoc-analysegruppe
- Statistikk over fordeling av lærlingkontraktar etter organisasjonsnummer samkøyrast med datauttrekk over bedrifter i korresponderande bransjar, og prosenten av kontraktar etter bransje reknast ut. Ansvarleg for dette blir Stian.
 - Dette vil gi indikasjon på utnyttinga av potensialet for lærlingkontraktar, både etter femsifra NACE-inndeling, og etter PANDA50. Dette potensialet kan samanliknast mot tilbods- og etterspørselsprognosane. Vi vil med dette òg kunne seie noko om forventa utvikling i dei bransjar der det i dag er mange (eller høg del) lærlingar.
- Bransjeinndelinga vil òg kunne nyttast som nøkkel for konjunkturanalyse. Vi har ikkje gode nok tidsseriar under punkt 1 til å gjere konjunkturanalyse av opplæringa som soleis, men vi kan sjå på utviklinga i bransjar der det typisk er lærlingar (og der ein kan vente seg høg del fagutdanna). Ansvarleg for dette blir Torbjørn.

Førsteutkast til 30. mai?

3c) Kartleggje fagskoleutdanning

Arbeidet delast i tre:

- Deskriptiv statistikk knytt til problemstillinga blir utarbeidd av Opplæringsavdelinga sine deltakarar i ad-hoc analysegruppe
- Statistikk over fordeling av fagskoleutdanning identifiserast etter «typiske» næringer. Dette kan samanliknast mot tilbods- og etterspørselsprognosane. Vi vil med dette òg kunne seie noko om forventa utvikling i dei bransjar der det i dag er mange (eller høg del) fagskoleutdanna. Ansvarleg for dette blir Torbjørn.
- Næringsinndelinga vil òg kunne nyttast som nøkkel for konjunkturanalyse. Vi har ikkje gode nok tidsseriar under punkt 1 til å gjere konjunkturanalyse av opplæringa som soleis, men vi kan sjå på utviklinga i bransjar der det typisk er fagskoleutdanna. Ansvarleg for dette blir Torbjørn.

3d) Kartleggje høgare utdanning

- Vi går ikkje inn for å gjere ei *analyse av forholdet mellom* tilbod og rekruttering/gjennomføring, men vi føreslår ein deskriptiv rapport med gjennomgang av data frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH), sluttstatistikkane frå Samordna opptak, og kandidatundersøkingane frå Bergen.
- Vi vil da få vist interessa for studiar i Hordaland, kva fag og institusjonar hordalendingar søker seg til, og ein del andre tal på *studentdemografien*, og vi får vist variasjon i søknader, opptak og gjennomføring. Vi vil med dette òg kunne peike på om det finns noko teikn til konjunktursvingingar i søknadene, men vi vil ikkje få nok observasjonar til å gjere statistiske testar av evt. teikn til svingingar.
- I tillegg er dataa hefta med manglar og feil ved rapporteringa til DBH, så tidsseriar må tolkast med varsemd, og er ikkje eigna for statistisk testing. Vidare vil søkjartal samvariere sterkt med tilgangen av studieplassar å *søkje på*, så kausaliteten i tilbod og etterspørsel går begge vegar, og vil med det påverke ei evt. konjunkturanalyse. Vi vil dermed ikkje kunne belyse dei spørsmål knytt til konjunkturar som planprogrammet peiker på, men vi meiner likevel vi vil kunne gi ei god grunnleggjande skildring av variasjon i søknader, opptak og gjennomføring.
- Ansvarleg: Stian, førsteutkast til 30. april?

4) Utgreiingar vi har bede arbeidsgruppa handtere sjølv

- Kartleggje statlege og andre føringar og insitament for studieplassar og utdanningstilbod – barrierar og handlingsrom for institusjonane
- Kartleggje tilgrensande arbeid og prosessar i vidaregåande opplæring, fagskoleutdanning, og høgare utdanning knytt til utvalde plantema
- Kartleggje arenaar for samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidsliv

